

Interpellasjon frå Lindås Høgre v/ Karl Vågstøl til Kommunestyremøte 12. mai 2016.

Til ordførar i Lindås Kommune.

Knarvik områdeplan vart vedtatt i Kommunestyremøte 18.06.2015 (sak 59/15).

Det er ein omfattande plan som har som mål å leggja til rette for at Knarvik skal utviklast med bymessige strukturar og kvalitetar. Med planen ønskjer ein at Knarvik skal ha god tilrettelegging for handel og service, ein god kollektivdekning, effektive parkeringsløyningar og gode byrom for aktivitet og sosialt samvære.

Utvikling av planen og trafikksituasjonen i Knarvik har medført at det i mange år har vore byggestopp i området.

Statens Vegvesen innførte byggestopp i Knarvik i 2006 på grunn av problem med trafikksituasjonen i området. Situasjonen var spesielt problematisk på sørsida av RV 39.

For å utvikla området generelt og Knarvik Senter spesielt tok Knarvik Senter initiativet til å følgja opp vegvesenets sitt krav om rundkøyting. I samarbeid mellom Knarvik Senter og Lindås Kommune vart rundkøytinga finansiert med forskotering på kr 5 mill. frå Lindås Kommune og kr 10 mill. frå Knarvik Senter. Disse midlane vart tilbakebetalt 31. mars i 2016.

I tillegg fulgte det rekkefølgekrav frå Lindås Kommune ved bygging av rundkøytinga. Disse bestod i ny kommunevei frå rundkøytinga mot rådhuset samt oppgradering av Bruvegen og deler av Kvassnesvegen. Disse rekkefølgekrava vart utført av Knarvik Senter aleine.

Resultatet av disse investeringane som er gjort av Knarvik Senter er at Statens Vegvesen har akseptert at det kan byggjast 30.000 kvm. nybygg. Dette er og tatt med i områdeplanen i «Føresegner om rekkjefølge» pkt. 3.2.2, der det fremgår at det kan gjevast løyve til tiltak for inntil 30.000 kvm. nybygg før oval rundkøyting (inkludert veg 4a og veg 6) er ferdigstilt.

Utgangspunktet for Knarvik Senter sin investering her var at dei skulle kunna byggja ut med 10.000 kvm. utan nye rekkefølgekrav. Dette har imidlertid ikkje vorte ein del av den vedtatte Områdeplanen.

Spørsmål 1:

Det er nødvendig at Lindås Kommune er ein forutsigbar samarbeidspartnar og samfunnsbyggjar. Vil Lindås Kommune ta initiativ til at Knarvik Senter får byggja 10.000 kvm. nybygg utan nye rekkefølgekrav?

Når dei aktuelle 30.000 kvm. er brukt, vil vidare utbygging / bruksløyve vera avhengig av at oval rundkøyting og dei to nedkøytingane frå o_SKV4a og o_SKV6 er ferdig opparbeidd. Dette framgår av tabell under pkt. 3 i «Føresegner om rekkjefølge».

Spørsmål 2:

Kva er framdriftsplanen for å få oval rundkøyting og dei to nedkøytingane frå o_SKV4a og o_SKV6 på plass?

Spørsmål 3:

Fleire av dei aktuelle utbyggjarane synes å ha ei relativt negativ haldning til Områdeplanen. Kva initiativ vil Lindås Kommune ta overfor utbyggjarane for å koma i dialog med disse og gjennom det få innspel og skapa felles forståelse / løysingar på dei utfordringane som næringslivet opplever knytt til Områdeplanen?

Spørsmål 4:

Er det aktuelt å etablere eit eige utbyggingselskap for å ivareta utbygging av den overordna infrastruktur, eller eventuelt korleis er det tenkt organisert og finansiert?

Knarvik 10. mai 2016


Karl Vågstøl

Lindås Høgre